

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - F30	14/121

Saknr	Utval	Type	Dato
090/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014
057/2014	Kommunestyret	PS	30.10.2014

### Busetting av flyktingar

#### Vedlegg:

14-1035 Regional faktapublikasjon nynorsk.docx 570160\_10\_0.DOCX  
Regional faktapublikasjon for Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane  
Oppmoding om busetting av flyktingar i 2014 og 2015  
Drøftingsak mottak av flyktingar

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Masfjorden kommune vil busette 10 flyktingar i 2015. Vedtak om busetting i 2016 og 2017 vert gjort i løpet av 2015.**
2. **Det vert oppretta eiga stilling som flyktingkonsulent i minimum 50%. Stillinga kan vurderast i samarbeid med nabo kommunar.**
3. **Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe beståande av representantar innanfor sektorane; helse, oppvekst, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.**
4. **Det vert sett av kr 200 000,- til å førebu kommunen på å ta imot flyktingane. Midlane skal gå til kompetansebygging, innkjøp av utstyr med meir.**
5. **Kommunale bustader som vert ledig vert haldne av med tanke på busetting av flyktingar.**
6. **Rådmann får mynde til å avgjere kvar i kommunen det er best mogleg å legge til rette for flyktingar, utifrå ein heilskaps vurdering.**

#### Saksopplysningar:

Vedtak i Kommunestyret - 017/2014: Kommunestyret ber rådmannen fremja sak til kommunestyret om buseting av flyktingar i Masfjorden.

Kommunestyret ber om at det vert halde informasjonsmøte i Masfjorden før kommunestyret fattar vedtak om å ta imot flyktingar. Ber om at IMDI sin representant blir med på møtet.

Den 03.09.14 vart det arrangert eit ope informasjonsmøte om dette temaet på kommunehuset. IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) stilte med to representantar som informerte om det praktiske som økonomi og prosessen rundt busetting av flyktingar i kommunen. I tillegg var det to flyktingkonsulentar (Austrheim og Askøy) som informerte om

det praktiske arbeidet i kommunen når ein tar imot flyktingar.

### **Bakgrunn for saka:**

#### **Viser til sak 026/ 14 Formannskap og sak 017/2014 Kommunestyre.**

Det er eit stort behov for busetting av flyktingar som har fått permanent opphaldsløyve i Norge. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har oppmoda Masfjorden kommune om å ta imot 10 nyleg komne flyktingar for busetting i 2014, samt 10 nye for kvart av åra i 2015 og 2016. Også i 2012 og 2013 vart kommunen oppmoda om å busette 30 flyktingar i perioden 2012-2014.

### **Innspel frå leiargruppa i Masfjorden kommune**

Mottak av flyktingar har vore diskutert med alle leiarane i kommunen. I forkant av at sak om flyktingar kjem opp til politisk behandling, har leiarane blitt oppmoda om å komme med vurderinga og innspel i høve sine tenesteområder når det gjeld mottak av flyktingar i kommunen.

Tilbakemelding er;

I barnehagane har ein fysisk plass til eventuelle flyktingebarn, bortsett frå Nordbygda barnehage. I skulane er det kapasitet til å ta i mot fleire elevar. Det som vil vere utfordring både for barnehage og skule er språk, avhengig av kvar flyktingane kjem frå. Det vil i tillegg vere naudsynt at personalet i barnehagane/ skule får ei form for kompetanseheving og innføring i korleis sin skal kunne ta i mot desse barna og gje dei eit godt tilbod. Bemannninga er og noko ein må vurdere når ein skal integrere flyktingebarn i skule og barnehage.

NAV er ei avdeling som vil ha ein sentral rolle når det gjeld mottak og integrering av flyktingar. Introduksjonsprogrammet er ein del av dei tenestene NAV kan tilby i samarbeid med opplæringssektoren. NAV vil i tillegg arbeide for å få til arbeidspraksis. Masfjorden kommune har behov for arbeidskraft utanfrå kommunen. Mottak av flyktingar kan være positivt for kommunen, fordi ein må anta at fleire av dei vaksne flyktingane etter norskopplæring, vil kunne ta jobb i nærmiljøet.

Pleie og omsorg er blant dei tenestene som har store utfordringar med å rekruttere arbeidskraft. I pleie og omsorg /sjukeheimen har ein god erfaring med språkpraksis, og integrering av arbeidstakrar med ulik språkbakgrunn og kultur. Det arbeidar pr. i dag fleire nasjonaliteter på Masfjorden sjukeheim.

Masfjorden kommune er ein liten og oversiktleg kommune med mange frivillige organisasjonar, noko som vil vere positivt for arbeid med integrering. Samtidig er Masfjorden kommune ein stor geografisk kommune som kan gi utfordringar i høve offentleg kommunikasjon.

### **Førebuing av mottak:**

Skal Masfjorden kommune busette flyktningar i 2015, må ein starte førebuing i løpet av hausten 2014. Det må etablerast ei tverrfagleg arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for å ta imot flyktningar i kommunen, i tillegg skal denne gruppa skal vere eit samarbeidsforum for flyktingkonsulent. Rådmann får mynde til å sette sammen denne arbeidsgruppa.

Ser ein på kva andre kommunar har gjort vil ca. 50% stilling som flyktingkonsulent vere nødvendig. Det kan vere utfordrande å rekruttere eigna person til ei slik deltidsstilling, difor kan det kan vere aktuelt å samarbeid med andre kommunar om ei slik stilling. Dette blir delegert til rådmann å vurdere.

## Bustader

Bustad er ein veldig viktig føresetnad for å kunne busette flyktningar. Det er allereie mangel på utleigebustadar i delar av kommunen, både kommunalt og blant private aktørar. Administrasjonen meiner at dersom det vert vedteke å busette flyktningar, så er det er mest realistisk å bruke kommunale bustader, eller bustader som kommunen har tilgang til.

I drøftingssak; 026/14 Formannskapet 22.04.2014 og 017/2014 Kommunestyret 30.04.2014 vart Matre vurdert som eit godt eigna område for buseetting av flyktningar. Ein grunn til dette var at kommunen hadde ledige kommunale bustader i dette området, men dette har endra seg.

Skal kommunen vedta mottak av flyktningar må kommunale bustader som vert ledige haldne av med tanke på buseetting av flyktningar. Kvar i kommunen ein skal busette flyktningar må bli delegert til rådmann å avgjere, utifrå ei heilskapleg vurdering i høve bustad og generelle offentlege/ kommunale tenestetilbod.

## Konklusjon

Masfjorden kommune kan busette 10 flyktningar i 2015. Vedtak om buseetting i 2016 og 2017 blir vurdert i løpet av 2015. For at kommunen skal klare å busette flyktningar må det løvvast midlar til forprosjekt, tilsetting av flyktingkonsulent. Plassering av flyktningar i kommune blir gjort utifrå ei heilskapleg vurdering gjennom forprosjektet. I arbeid med integrering av flyktningar er det viktig med informasjon til alle i kommunen, og eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Rådmann bør få delegert mynde til å bestemme når kommunen er klar med den praktiske førebuinga og er i stand til å gjennomføre buseettinga. Mellom anna må ein sikre at bustadar er på plass, og at ein har eit klart opplegg for introduksjonsprogrammet.

Etter ei samla heilskapsvurdering av kommunen sine sterke og svake sider når det gjeld buseetting av flyktningar, er administrasjonen heilt klar på at Masfjorden kommune vil vere best rusta til å ta imot småbarnsfamiliar. Administrasjonen ber difor om at dette vert teke omsyn til av IMDi.

## **Formannskapet - 090/2014**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Rådgjevar Helga Ellingsen orinterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Egil Kvingedak ,V**, la fram følgjande framlegg til endring av vedtak:

Punkt 5: Eit nødvendig antall bustader etter heilskapsvurdering vert haldne av med tanke på busetting av flyktningar.

Dei andre punkt kan stå slik dei er.

Grunngjeving:

Punkt 5: slik det står i dag, kan det tolkast som alle kommunale bustader skal holdast av.

### **Røysting:**

Venstre sitt forslag til endring vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

1. **Masfjorden kommune vil busette 10 flyktningar i 2015. Vedtak om busetting i 2016 og 2017 vert gjort i løpet av 2015.**
2. **Det vert oppretta eiga stilling som flyktningkonsulent i minimum 50%. Stillinga kan vurderast i samarbeid med nabo kommunar.**
3. **Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe bestående av representantar innanfor sektorane; helse, oppvekst, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.**
4. **Det vert sett av kr 200 000,- til å førebu kommunen på å ta imot flyktningane. Midlane skal gå til kompetansebygging, innkjøp av utstyr med meir.**
5. **Eit nødvendig antall bustader etter heilskapsvurdering vert haldne av med tanke på busetting av flyktningar.**
6. **Rådmann får mynde til å avgjere kvar i kommunen det er best mogleg å legge til rette for flyktningar, utifra ein heilskaps vurdering.**

## **Kommunestyret - 057/2014**

### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

**Janne-Judith Sandnes, Frp**, la fram følgjande forslag til vedtak:

Masfjorden kommune ser ikkje at situasjonen har endra seg sidan i fjar då en avslo å ta i mot flyktningar for perioden 2012 - 2016

**Røysting:**

Frp sitt framlegg fekk to røyster og fall. (Frp)

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 15 røyster mot 2 røyster. (Frp)

**KS - vedtak:**

1. **Masfjorden kommune vil busette 10 flyktningar i 2015. Vedtak om busetting i 2016 og 2017 vert gjort i løpet av 2015.**
2. **Det vert oppretta eiga stilling som flyktningkonsulent i minimum 50%. Stillinga kan vurderast i samarbeid med nabo kommunar.**
3. **Det vert oppretta ei tverrfagleg arbeidsgruppe bestående av representantar innanfor sektorane; helse, oppvekst, kultur og NAV som skal bidra i busettingsprosessen.**
4. **Det vert sett av kr 200 000,- til å førebu kommunen på å ta imot flyktningane. Midlane skal gå til kompetansebygging, innkjøp av utstyr med meir.**
5. **Eit nødvendig antall bustader etter heilsapsvurdering vert haldne av med tanke på busetting av flyktningar.**
6. **Rådmann får mynde til å avgjere kvar i kommunen det er best mogleg å legge til rette for flyktningar, utifrå ein heilsaps vurdering.**